


# Skulebasert praksisplan

## 2022-2023



# Rosseland skule

Bryne

## **ROSSELAND SKULE**

Side 3-4: Velkommen til Rosseland skule

Side 5: Praksisperiodar **Lærarforutsetningar** - Nøkkelpersonar i praksisperioden

Side 6: **Rammelektorar**

Rutinar på skulen som dannar ramma rundt praksisperioden

Side 7: Kort om skulen, Jærskulen

Side 8: Skulen sin visjon, Pedagogisk grunnsyn, Målform

---

## **PRAKSISSTUDIET**

Side 9: Forventningar til deg som praksisstudent

Side 10: Plan for praksisperioden **Arbeidsmåtar** - Læringsutbyte i praksis

Side 11: **Innhald i praksis**, Variert praksis

Side 13: Veileda praksis, Vurdert praksis

Side 14: Sjekkliste- kven kan gi info om kva



# Velkommen til Rosseland skule!

Som skule gler me oss til å ta imot deg som praksis-student. Det vil vera inspirerande og utviklende for personalet, og gir oss gode høve for refleksjon saman med deg, medstudentane dine, og med fagmiljøet på UIS. Tilbakemelding på eigen praksis er avgjerande for utviklinga vår, og det er alltid spanande med nye auge og øyre inn i skulekvardagen. Målet er at praksisperioden skal bli mest mogleg lærerik og utviklende for deg som student. Me vil gjera alt me kan for at du skal trivast hos oss, og dermed få endå meir lyst til å bli lærar.

Me vil at du skal få prøva ut varierte arbeidsmetodar for å danna deg innsikt i korleis elevane lærer på ulike måtar. Studentane skal saman med praksislærar vera med å diskutera korleis me kan få dette til innan skulen sine rammer. Etter gjennomført undervising, vurderer me saman korleis me kan arbeida for å finna vegne vidare framover mot læringsmåla.

På Rosseland skule har me som mål å vera fleksible og løysingsorienterte. Som student vil du oppleva at arbeidsdagen ikkje alltid blir som planlagt, men at me som pedagogar likevel kan få øktene til å bli lærerike. Personalet har som mål å framstå som gode og trygge førebilete, både som tydelege klasseleiarar, bevisste pedagogar og hyggjelege kollegar. Me håpar du vil trivast saman med oss.

Etter gjennomført praksis håpar me at me saman har lagt grunnlag for at dine fagkunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetanse har blitt heva.

På vegne av Rosseland skule vil eg ønskja deg lukke til med praksisperioden her hos oss.

*Geir Soma  
rektor*



# Velkommen til praksis hos oss!



Geir Soma  
Rektor



Ann Kathrin Mehlum  
Praksislærar



Elisabeth Melbø  
Praksislærar

## Praksisparti 2022-23

Utdanningsprogram	Årstrinn	Praksisveker	Fag som vektlegges	Praksisparti/praksislærar
M-GLU 1-7	2.år	3 veker haust 17.10-04.11.22	Norsk og matematikk	Ann Kathrin

## Nøkkelpersonar i praksisperioden

Rolle	Namn	Mailadresse
Praksislærar Praksislærar	Ann-Kathrin Mehlum, Elisabeth Melbø	Ann-kathrin.mehlum@time.kommune.no elisabeth.melbo@time.kommune.no
Rektor Avdelingsleiar 1.-2.trinn, Stadfortredande rektor	Geir Soma Kristin V. Erland	geir.soma@time.kommune.no kristin.vikan.erland@time.kommune.no
Avdelingsleiar 3.-5.trinn Avdelingsleiar 6.-7.trinn	Lise Bø Emberland Elin M. Johannessen	lise.emberland@time.kommune.no Elin.merete.johannessen@time.kommune.no

### Arbeidstid kl.08:00-16:00

(Ein må i tillegg rekna med tid utanom dette til førebuing og etterarbeid)

- Morgonmøte mandag, onsdag og fredag kl. 08:00 på personalrommet.
- Undervisningsrelaterte oppgåver: 20 timer pr.veke
- Rettleiing, planlegging (individuelt og i gruppe) og vurdering: 10-15 timer pr.veke

### Fråvær:

- Meld frå om fråvær til praksislærar mellom kl.07.30 og 07.45, eller til rektor/avdelingsleiar dersom praksislærar ikkje er tilgjengeleg på telefon.

### Praktisk informasjon:

- Parkering: Skulen har få parkeringsplassar, så det kan vera lurt å køyra saman. Det er mogleg å parkera langs Rosselandsbanen (Kong Haakons veg). Om du reiser kollektivt, er togstasjonen om lag 10-15 minuttars gange frå skulen. Det er eigen parkeringsplass ved D-bygget, men her er det parkering mot betaling.
- Garderobe: De nyttar personalgarderobe for ytterklede – ev. verdisaker må låsast inn på grupperommet de disponerer som arbeidsrom gjennom praksisperioden.
- Kleskode som gjeld alle på skulen: Me kler oss «sømmeleg». Unngå klede med klare politiske og upassande symbol. Ingen bruker caps/lue inne. Alle bruker gymtøy og gymsko i kroppsøvingstimane.
- De kan nytta alt av skulen sitt materiell, tekniske utstyr og kopimaskiner i praksisperioden.
- Ved behov for fri, skal det søkjast om permisjon til rektor, dette gjeld òg kortare fråvær.
- Ingen tilsette eller studentar forlèt skulen sitt område utan avtale i arbeidstida.
- Skulen held kaffi og te for dykk, og det er berre å forsyna seg på personalrommet.
- Når me har pause, bruker me personalrommet ved administrasjonen. Arbeidsrommet vert brukt til for- og etterarbeid til undervisning og til rettleiing.
- Heile skulen sitt område er tobakksfritt

## Kort om skulen

Rosseland skule er ein 1-7 skule med 570 elevar og om lag 45 tilsette lærarar i heil- eller deltidsstillingar. I tillegg har me m.a. saksbehandlar, miljøterettleiarar, assistenter og SFO-personale, slik at det totalt er om lag 75 tilsette. Rosseland er den største skulen i Time kommune og i Jærskulen.

Skulen tok i bruk eit flunkande nytt skulebygg i 2010. Trinnet har eige arbeidsrom og møterom for lærarane på kvar base. Alle klasseromma har elektroniske tavler eller touch-skjermar. Alle elevane har sitt eige lærebrett (iPad), og dette blir brukt som eit viktig verktøy i alle fag.

Det er gode spesialrom for kunst og handverk, kroppsøving, musikk og mat og helse. Skulen er bygd slik at me arbeider mykje saman med kollegaene på trinnet. Alle skal kjenna alle elevane på trinnet og kjenna at alle elevane er «våre».

Elevtalet har auka jamt og trutt dei siste åra, og me har ikkje lenger plass til alle elevane våre i det opprinnelige bygget. Skulen er i utgangspunktet bygd for 3 parallellear på kvart trinn. Skuleåret 2022-23 er det 4 klassar alle trinna, bortsett frå 2.trinn og 4.trinn; der det er 3 klassar..

To av trinna våre, 6. og 7.trinn, får difor undervisninga si i ein "filial" (D-bygget) som ligg om lag 200 meter frå hovudbygget.




Kommunane Time, Klepp, Gjesdal og Hå har gått saman om eit forpliktande samarbeid om skuleutvikling, som har merkenamnet **Jærskulen**. Visjonen for Jærskulen er:

- **Kvalitet** – kontinuerlig vidareutvikling av utdanningstilbodet
- **Kunnskapsutvikling** – Kunnskapsutvikling fordrar kompetanse. Eit nært tverrkommunalt samarbeid gjev større fagmiljø på alle nivå
- **Styrke** – eit sterkt politisk skule-eigarskap

**Jærskulen lyser mellom anna ut lærarstillingar felles, og samarbeider om tilsetting av lærarar. Jærskulen samarbeider og om rettleiing og kurs for nyutdanna og nytilsette lærarar.**

## **Skulen sin visjon**

Time kommune sin visjon er «Trygg og framtidsretta». På Rosseland skule vil me arbeida mot denne visjonen gjennom følgjande ordlyd:  
«Omsorg, ansvar, læring - lyst på livet og evne til å mestre det!»



*Me håpar og trur at de som studentar vil merka at personalet forsøker å etterleva desse høge ambisjonane i alt det me gjer, og at dette òg gjeld i møtet med dykk.*

## **Pedagogisk grunnsyn**

«Alle barn er unike og blir møtt med likeverd, respekt og positive forventingar.»  
Opplæringslova, læreplanen (K-06), kommunale planar, skulen sin utviklingsplan og «Handbok i gruppeleiing» ligg til grunn for det arbeidet me gjer på skulen.

Utviklingsområde:

### **Innhald kjem**

#### **Elevsynet vårt**

- Alle er gode til noko
- Alle kan læra og utvikla seg – fagleg, kreativt og sosialt
- Alle kan bidra til eit positivt fellesskap
- Alle skal ha tru på seg sjølv
- Alle blir sett, høyrd og tatt på alvor

#### **Læringssynet vårt**

- Eleven opplever meistring og utfordring – kvar dag
- Me tek utgangspunkt i det eleven kan

- Me nyttar varierte metodar
- Me gir rom for at eleven kan utfalda og utvikla seg på alle område – teoretisk, praktisk, fysisk, sosialt, kreativt

## Målform:

På Rosseland bruker me nynorsk som opplæringsmål, det gjeld òg for resten av kommunen. Det kan vera at dette blir ei utfordring for nokre av dykk studentar, men det er samstundes eit fint høve til å bli kjende med nynorsken. Så her er det berre å hiva seg uthånd med friskt mot.



# **PRAKSISSTUDIET**

## **-Forventingar til deg som praksisstudent.**



Praksis er ein viktig del av lærarutdanninga. Som student ønskjer me at du får læra mest mogleg i praksisperioden. Samstundes håpar me at me kan læra mykje av deg i løpet av perioden du er her. Praksisen på Rosseland skule er prega av vår tolking av LK-20, arbeidet med fagfornyinga og lokale planar. Andre skular kan ha noko ulik praksis frå oss.

### **Me som arbeider på Rosseland skule forventar av deg som praksisstudent at:**

- Du deltek aktivt i praksisfellesskapet
- Du er til stades innanfor den tida som er bestemt av praksislærarane
- Du melder frå til praksislærar på telefon seinast kl. 07.30 om du skulle vera sjuk
- Du er rollemodell for elevane (t.d. mobilbruk, klede, Olweus-reglar, husreglar m.m.)
- Du er godt førebudd før du møter elevane
- Du omtalar skulen positivt, og gir melding om det er noko du lurar på eller er usamdi
- Du er ein del av eit profesjonelt fellesskap (respekt, teieplikt m.m.)

### **Me har desse forventningane til oss sjølv som praksisskule:**


- Me ser praksis-fellesskapet med dykk som ein viktig læringsarena for skulen
- Me har eit felles ansvar for å møta dykk på ein god måte, og dela av kunnskapen og erfaringane våre
- Me er gode rollemodellar
- Me er tydelege i tilbakemeldingane og framovermeldingane
- Me lyttar aktivt til dykk som studentar
- Me ser på praksislærarane og studentane som ein viktig ressurs for skulen

## Plan for praksisperioden

Planen er forankra i

- Nasjonal forskrift om rammeplan for grunnskulelærarutdanningane og planar for lærarutdanning
- Nasjonale retningslinjer grunnskulelærarutdanningane 1.-7.trinn og 5.-10.trinn

Den didaktiske relasjonsmodellen vil vera ei god ramme å tenka i:



## Læringsutbyte i praksisfaget

Praksisskulane skal saman med UiS gje dykk kunnskap, erfaring og ferdigheiter slik at de etter at utdanninga er gjennomført, er klare for å ta fatt på den viktige rolla som lærar, ei rolle som skal ha fokus på læring og danning slik at elevane skal klara seg i vidare skulegang, yrkes-, samfunns- og familieliv.

Me har tolka UiS sin programplan slik at praksisskulane skal vera ein arena der de får høve til å:

- Få kunnskap om og erfaring med kva for nokre styringsdokument som set sitt preg på skulen sitt virke frå skule- til lærar- og elevnivå
- Få kunnskap om og erfaring med skulen som læringsarena, først og fremst på elevnivå, men og på lærarnivå
- Utvikla dykk i rolla som den autorative lærar som har god klasseleiing og rasjonelle ferdigheiter
- Utvikla ferdigheita til å leia elevane si læring i tråd med den didaktiske relasjonsmodellen

## **Innhald i praksis**

Det didaktiske møtet er eit gjennomgåande tema i alle studieåra. UiS har i tillegg valt å ha eit spesielt fokus på følgjande tema:

**Praksisstudium syklus 1:** Lærarrolla, lærararbeidet, elevmangfaldet, skulen som organisasjon og læraren si tilrettelegging for læring av fag.

**Praksisstudium syklus 2:** Studentane skal vidareutvikla lærarkompetansen sin: få meir inngående kunnskap om læreprosessar, læraren si tilrettelegging for læring av fag, og forsknings- og utviklingsarbeid.

**Alle studieår:** Dei tverrgåande perspektiva som er tilpassa opplæring, vurdering, grunnleggjande ferdigheter, psykososialt læringsmiljø, medborgerskap og det fleirkulturelle samfunnet, samiske perspektiv, bærekraftig utvikling, estetiske læringsprosesser og begynnaroplæringa.

## **Variert praksis**

Praksisperiodane skal vera varierte og knytt til dei ulike måla for syklusane og dei tverrgåande perspektiva.

**I syklus 1 vil de som studentar få kunnskap om og erfaring med lærarrolla, lærararbeidet, elevmangfaldet, skulen som organisasjon og læraren si tilrettelegging for læring av fag.**

**På Rosseland skule kjem dette til uttrykk ved at de:**

- Observerer praksislærar/medstudentar i deira rolle som lærar og deira møte med eleven i faglege og sosiale samanhengar.
- Observerer kva som skjer gjennom ein skuledag saman med elevar, studentar og kollegaer
- Planlegg, gjennomfører og vurderer delar av eller heile undervisningsøkter ut frå den didaktiske relasjonsmodellen
- Prøver ut ulike arbeidsmetoder og ulike måter å organisera elevane si læring på som passar til målet for opplæringa, slik at alle elevane får ei opplæring som er tilpassa deira evner og anlegg
- Gjennom samtalar og informasjon blir kjende med elevar og deira bakgrunn og deira moglegheiter for læring og vekst
- Får informasjon om den autorative læraren som legg vekt på tydeleg klasseleiing og relasjonar til elevane, men og mellom elevane
- Deltek på PU-møte som er relatert til skulen sitt utviklingsområde
- Får informasjon om SOL- programmet som me på Rosseland skule bruker for å observera lesinga til elevane og korleis me bruker programmet til å rettleia dei i leseutviklinga deira
- Får informasjon om kva ei sakkyndig vurdering er, kva ein IOP er, skulen sitt ressursteam og skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

**I syklus 2 skal de vidareutvikle lærarkompetansen: få meir inngåande kunnskap om læreprosessar, læraren si tilrettelegging for læring av fag, og forsknings- og utviklingsarbeid.**

**På Rosseland skule kjem det til uttrykk ved at de:**

- Deltar på utviklingsamtalar og foreldremøte dersom det er mogleg.
- Deltar på spesialpedagogiske møte på skulen, slik at de får innblikk i korleis samarbeidet mellom lærarar, spes.ped-ansvarleg, leinga og andre aktørar som PPT, barnevern og helsestøster fungerer.

I alle studieår vil de møta dei tverrgåande perspektiva. På Rosseland skule vil de bli kjende med perspektiva gjennom observasjon, samtale og ved at de sjølv implementerer perspektiva i undervisninga:

- **Grunnleggjande ferdigheiter:** Rosseland skule har som mål å utvikla dei grunnleggjande ferdigheitane i alle fag. Gjennom observasjon vil studentane få sjå døme på korleis lesing, skriving, rekning, det å uttrykka seg munnleg og bruk av digitale hjelpemiddel vert integrert i fag.
- **Vurdering:** Undervegsvurdering føregår kontinuerleg i klasserommet. Gjennom observasjon og samtale vil studentane få kjennskap til korleis vurdering gitt av lærar og elevane sjølv ut frå gitte kriterier, kan bli brukt som vurdering for læring.
- **Tilpassa opplæring:** Alle elevane har rett til å få ei opplæring som er tilpassa deira evner og forutsetninger. Gjennom observasjon av ulike arbeidsmetoder og arbeidsoppgåver vil studentane få erfaring i korleis det er mogleg å tilpassa undervisninga.
- **Medborgerskap og det fleirkulturelle samfunnet:** Omlag 8% av elevane på Rosseland skule har ein fleirkulturell bakgrunn. I løpet av praksisperioden får studentane sjå korleis desse elevane vert integrert ved skulen vår. Studentane vil få delta på særskilt norskopplæring (SNO).
- **Det psykososiale læringsmiljøet:** Rosseland skule er ein Olweus-skule. Me nyttar m.a Olweus-programmet for å skapa eit trygt psykososialt skolemiljø for å førebyggja krenking, mobbing, trakassering og diskriminering. Me nyttar oss og av opplæringsprogrammet "Mitt val" for å styrka sosiale ferdigheter, samspel og relasjoner.



- **Samisk:** Studentane vil få innblikk i korleis samisk og samisk kultur kan integrerast i tema om samane.
- **Berekraftig utvikling:** Rosseland skule vil læra elevane gode haldningar for ei berekraftig utvikling. Me bruker m.a uteskule for å bli kjende med naturen. Me vil gi elevane fine opplevelingar og skapa relasjoner og haldningar til å ta vare på naturen vår.
- **Estetiske læringsprosesser:** På Rosseland skule er me opptekne av å legga til rette for kreativ læring gjennom ulike estetiske uttrykk. Dette er med på å utvikla sjølvtilleit og identitet.

- **Begynneropplæringa:** På Rosseland skule har me rask progresjon i bokstavinnlæringa på 1.trinn. Me introduserer 2-3 bokstavar i veka. Me nyter oss av STL+ metoden. Me har god og brei erfaring med bruk av denne metoden.



## **Veileda praksis**

I forkant av praksisperioden vil praksislærar og studentane laga ein **gruppebasert praksisplan** der innhaldet i praksisperioden blir tydeleggjort.

Førrettleiinga har eit stort fokus i praksisperioden, og før undervisningsøktene vil de, anten individuelt eller i gruppe, få rettleiing av praksislærar i høve til:

- Planlegging av undervisningsøkt og/eller:
- Den didaktiske teksten som skildrer undervisningsøkta

## **Vurdert praksis**

- Kor er eg? Kor skal eg? Korleis kjem eg dit?

Vurderinga er knytt til måla for praksisperioden for kvart studieår. Vurderinga skal vera læringsfremmande og ha form som ei framovermeding der praksislærar har fokus på:

- Kva studenten må fokusera på for å bli betre, og korleis studenten kan arbeida for å nå måla sine.
- Kva studentgruppa må fokusera på for å fungera endå betre, og korleis gruppa kan nå måla sine.

I kvar praksisperiode vil de få ein individuell rettleiingstime med praksislærar der de drøftar ståstad og korleis de kan arbeida vidare for å nå måla.

Midt i praksisperioden tek rektor initiativ til eit evalueringsmøte der studentar, praksislærar og rektor deltek. På møtet vil ein drøfta ståstad i praksisgruppa, skulen og gruppa sin praksisplan og korleis Rosseland skule har teke i mot studentane. Dersom det er behov for det, set ein opp mål for praksisgruppa, praksisopplegget og/eller praksisskulen.

## **Sjekkliste- kven kan gi informasjon om kva?**

Her er ei sjekkliste som indikerer kva de vil få/kan få informasjon om i løpet av praksisperioden, og kven som kan gi dykk informasjonen.

### **Informasjon om**

Praktisk informasjon, t.d. nøklar, dører, alarm, rutinar for permisjon, skulemelk m.m.

Skulen

Oppstartssamtale "Velkommen til Rosseland"

Skulen sin visjon, plattform og utviklingsområde

Olweus/psykososialt læringsmiljø

Begynnaropplæring

Grunnleggjande ferdigheter

Vurdering

Tilpassa opplæring

Fleirkulturelt perspektiv/ SNO

Samisk

Bærekraftig utvikling

Estetiske læringsprosesser

Kopimaskin

Brukernamn - PC

Digitale verktøy i skulen - digital kompetanse

Bibliotek /alternativt tilbod/ Gledespatruljen

Elevar med særskilte behov -IOP

SFO

Lesing som grunnleggjande ferdighet

Rekning som grunnleggjande ferdighet

Vurdering for læring

Heim-skulesamarbeid

Skulen sine rådsorgan

### **Ansvar**

Ruth Linda Rasmussen, konsulent på kontoret

Geir Soma, rektor

Geir Soma, rektor

Geir Soma, rektor

Lise Bø Emberland, avdelingsleiar 3.-5.trinn

Kristin-Mari Eide, sosialpedagogisk

ressursperson

Praktsislærarar

Praktsislærarar

Praktsislærarar

Praktsislærarar

Elin M.Johannessen, avdelingsleiar 6.-7.trinn

Praktsislærarar

Praktsislærarar

Praktsislærarar

Ruth Linda Rasmussen, konsulent på kontoret

Maria B.Netland, IKT-ansvarleg

Maria B. Netland, IKT ansvarleg

Ola Selliken, Thomas Høgemark, digitale

ressurspersonar

Unni Einarsen,

Kristin Vikan Erland, avdelingsleiar 1.-2.trinn

Marcus Berg Helgevold, dagleg leiar SFO

Praktsislærarane

Praktsislærarane

Praktsislærarane

Praktsislærarane

Geir Soma, rektor

SOL

Praktsislærarane, Hanne Aamodt



Rosseland skule sin «Skulebasert praksisplan» er utarbeida av:  
Praksislærarar:

- Hanne Aamodt
- Elisabeth Melbø
- Roger Gauthun

Lise Bø Emberlandavdelingsleiar 3.-5.trinn

og

Rektor (redaktør):  
Geir Soma

I arbeidet med planen har me støtta oss til **Kampen skole** sin skulebaserte praksisplan

